

Til:

UDIR Universitetsdirektørens kontor

Dato: 16.01.2012

Saksnr.: 2012/676GUDLEIK

IHR-høyringsvar frå SV om administrativ IT

Viser til innstilling frå plangruppa for administrativ IT, sendt fakultetet i e-post frå universitetsdirektøren datert 13. desember 2012.

Fakultetet sluttar seg til innstillinga sitt forslag om å utarbeide ein samla plan for utvikling av administrative IT-system. Eit slikt vegkart vil bidra til betre samordning, heilskapssyn og gjere utvikling og forvaltning av systema meir føreseieleg. Vi er også samde i at vegkartet bør vere styrande for vedtak og planar på alle nivå under universitetsdirektøren.

Fakultetet sluttar seg også til forslaget i innstillinga om at universitetsdirektøren bør fatte aktivt vedtak i forhold til system som er kritiske for verksemda slik at ein sikrar god leiarforankring og oppfølging av vegkartet.

I innleiingskapitlet vert det understreka som eit grunnleggande prinsipp at *«system og løsnings bør vere styrbare i den forstand at organisasjonen må kunne påvirke systemers funksjonalitet, og ikke motsatt at systemene styrer våre arbeidsprosesser»*.

I tillegg vert det i innstillinga peika på at organiseringa av systemeigarskapen slik den er i dag i enkelte fall har medført *«silotenking»*. Mangel på heilskapssyn kan dermed hindre moglege forbetringar, kvalitetsheving og ressursparing.

I innstillinga vert det i tråd med prinsippa om organisasjonen og ikkje systema som styrande foreslått å etablere ei strategisk koordineringsgruppe for administrative IT-system. Etableringa av ei slik gruppe skal ivareta brukaromsyn og følgje opp at utvikling og forvaltning av IT-systema er heilskapleg og følgjer vegkartet.

Innstillinga legg stor vekt på fakulteta som systembrukarar og opnar i praksis for større brukarmedverknad og -styring, jf. samansetjinga av koordineringsgruppa – og det er bra. Vi er likevel litt usikre på om det er klokt å legge leiinga av koordineringsgruppa til ein fakultetsrepresentant, slik det vert foreslått i innstillinga. Vi er usikre på om det ved fakulteta er



Fakultetsadministrasjonen

Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke
Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no

tilstrekkeleg kunnskap om samanhengar og konsekvensar for heile UiO til at ei slik organisering bidreg vesentleg til betre heilskapstenking.

Dersom ein legg til grunn at organisasjonen sine behov i sterkare grad skal styre systemutviklinga, kan det vurderast om ikkje HR-funksjonen bør vere sterkare representert, ikkje berre som systemeigar i koordineringsgruppa, men som hovudansvarleg for å sjå utvikling og forvaltning av IT-systema i eit organisasjonsutviklingsperspektiv. Ein konsekvens av ein slik tankegang kan vere at assisterande universitetsdirektør eller ein frå HR-funksjonen leiar koordineringsgruppa.

Sjølv om fakultetet støttar tanken om å legge rådgjevingsfunksjonen til Usit inntil vidare, følgjer det av det som er sagt over at sekretariats- og rådgjevingsfunksjonen (i det minste på sikt) må knytast tett til leiarfunksjonen i koordineringsgruppa.

Direktøren for Usit bør framleis sitje i koordineringsgruppa, saman med representantar for fakulteta som brukarar og systemeigarar, og Usit vil framleis vere heilt sentrale både som tilbydar og som rådgjevar.

Til slutt vil vi legge til at det er vanskeleg å sjå for seg ei løysing som inneber at fagdirektørane ikkje har systemeigarskap. Fagdirektørane sit med verdfull kunnskap om oppgåvene som skal løysast og om organisasjonen dei er tillagt eit fagansvar for. I tillegg har dei lokale sekretariat og ressursar til å følgje opp systemeigarskapen i praksis – og til å innhente brukarinformasjon. Koordineringsgruppa er garantisten for at denne systemeigarskapet ikkje endar i silotenking og at viktig informasjon om brukarbehov og IT-systema sin funksjonalitet i forhold til desse behova vert teken på alvor.

Med helsing

Fanny Duckert
Dekan

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved UiO i tråd med UiOs reglement for elektronisk godkjenning.

Sakshandsamar:
Gudleik Grimstad
22856265, gudleik.grimstad@sv.uio.no